


TUNET og DYRELØYPA



Velkommen til Sunnfjord Museum

– anten du er på jakt etter kunnskap, ynskjer å leige lokale til møte og fest eller berre treng ei avslappa stund i det vakre uteområdet vårt. Museumsområdet er ein gammal husmannsplass og ligg vakkert til ned mot Movatnet.

Dyreløypa er ei natur- og kulturhistorisk vandrerute oppsett av museet. Den høver for både born og vaksne. Løypa går mellom Mostien og museet. I løypa vert ein kjend med den lokale faunaen ved hjelp av informasjonstavlar som er utforma på fleire språk og med tanke på både born og vaksne. Den inneheld elles dyrefigurar, dyrelydar, og utstoppa dyr. Løypa går forbi stølsområdet til museet, med representative hus og kulturlandskap for Indre Sunnfjord.

Mostien er ei vandrerute som høver både for born og vaksne. Langs den merka stien er det kulturminne og informasjonstavlar som forklarar den lokale natur- og kulturhistoria i indre Sunnfjord (stølsdrift, sagbruk, vegetasjon, jakt og fangst). Deler av stien følgjer Den Trondhjemske Postvei. Frå ulike stader kan ein nyte utsikta over Movatnet, elva Jølstra, og den 90 meter høge Huldefossen.

www.sunnfjord.museum.no
sum@misf.museum.no
Movika, 6819 Førde
Tlf. +47 57 72 12 20 / 905 47 124

 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Sunnfjord Museum